



Janosz Bednarski frå Polen flankert av mor Barbara Bednarska (til høgre) og tolk Joanna Durska. (Foto: Ola Matti Mathisen).

Skulestarten i Uskedalen torsdag var tradisjonell, men samstundes litt spesiell fordi det for første gong på mange år er eit innslag av utanlandske elevar blant dei 99. Piush Sharma frå India startar i 4. klasse medan Janosz Bednarski frå Polen er sjuandeklassing.



Piush Sharma frå India saman med lærar Aslaug Hjelmeland. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Begge er ferske i Noreg, Janosz mest fordi han og mora flytta til Uskedalen frå Polen for eitpar veker sidan. Piush kom til bygda og vart elev på skulen i mai i år og før det budde han ein stutt periode i Egersund.



Det var både spenning og forventning i klasserommet framfor skulestarten for førsteklasingane. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Begge opplever ein heller dramatisk overgang frå bymiljø heime til eit lite bygdesamfunn i et framand land.

Piush kjem frå ein storby midt i India og Janosz frå Wrocklaw (tidlegare Breslau) som også er ein relativt stor by. Men Janosz har god starthjelp, for Joanna Durska som for stutt tid sidan flytta frå Rosendal til Uskedalen skal fungera som tolk dei første skuledagane.

Rektor Vidar Haugland opplyser til uskedalen.no at det er omlag 20 år sidan det sist var utanlandske elevar ved skulen og at dei var frå Iran.



Dei fann tonen straks: Lærar Rannveig Helleland og førsteklasing Kristian Klette Hansen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Ellers var det som vanleg førsteklasingane som fekk størst og fortent merksemd . Medan 15 gjekk ut frå sjuande klasse i juni var det torsdag 17 som var ønskt velkome av kontaktlærarane Hilde Bringedal og Rannveig Helleland. Det låg både spenning og forventning i lufta då foreldra kom med sine håpefulle, men det tok ikkje lang tid før dei fann seg til rette. Dei fleste hugsa "Godmorgon-songen" frå generalprøva på skulen og var ikkje seine om å reagere på spørsmål frå lærarane.

Dei 99 elevane fordelar seg slik, med kontaktlærarane i parentes: 1. klasse 17 (Hilde Bringedal og Rannveig Helleland), 2. klasse 13 (Odd Steinar Arnesen), 3. klasse 13 (Svein Sunde), 4. klasse 17 (Aslaug Hjelmeland og Bjørg Møyfrid Fredheim), 5. og 6. klasse 7 12 (Terje Helleland og Åse Myklebust Neset), 7. klasse 19 (Kari Gjesdah Svinth og Elisabeth Amundsen, 9. klasse: Preben Myklebust (pedagogisk ansvarleg Brit Hjetland).

Uskedalen har no eit høgare elevtal enn nabo-skulane, ettersom det er 77 i Omvikdalen og 63 i Bringedalsbygda.

Det er 6 førsteklasingar i Bringedalsbygda og 11 i Omvikdalen i det nye skuleåret.

Av Ola Matti Mathisen.



Dei 17 førsteklassingane saman med lærarane sine, Hilde Bringedal (til venstre) og Rannveig Helleland (til høgre) Frå venstre foran sit Matias Ullebust Feet, Andrea Hjelmeland, Thea S. Taranger, Amalie Rød, Ida Marie Eidsvik, Viljar S. Tveit, Martin Armesen, Marius Hauso og Iver Andre S. Kårstad. Frå venstre bak står Camilla M. Ripel, Kristian Klette Hansen, Cecilie H. Røstbø, Sander S. Haraldseid, Ole Alexander L. Lange, Fredrik G. Haugland, Hanna Tvilde og Sondre Klyve. (Foto: Ola Matti Mathisen)